

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
130	Knut Øyjordet	06.10.21	32/21

**KJØP AV TENESTEBIL***Saksdokument:*

Ingen.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Fjellstyret har ved fleire anledningar «lufta» tanken om å kjøpe ein firmabil som dei tre tilsette kan nytte i fellesskap. Seinast på fjellstyremøtet i mars i år var dette oppført som ei referatsak. Det vart bestemt å leige ein bil først, for deretter eventuelt å kjøpe den dersom dei tilsette var tilfreds med bilen. Det vart inngått avtale med Skogen bil om leige av ein Citroen Berlingo 4-hjulstrekk for sommarmånadane, og med eit pristilbod ved eit eventuelt kjøp, dvs. kr. 335.000 som inkluderer omregistreringsavgift, sommar- og vinterhjul, tilhengjarfeste, webasto med fjernkontroll og kledning golv. Bilen har vore stasjonert ved fiskeanlegget, som er den mest brukte «basen» for dei tilsette. Alle er tilfredse med bilen, og det er såleis eit ynskje frå dei tilsette om å gå til kjøp av den.

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret vedtek å gå til innkjøp av ein Citroen Berlingo 4-hjulstrekk av Skogen Bil, dvs. same bilen som har vore leigd nå i sommar. Dette fordi dei tilsette er tilfredse med bilen.

Innkjøp av ein bil er også i tråd med tariffavtala mellom Norges Fjellstyresamband og Naturviterne, der det står under «Reisebestemmelser» at «Det er arbeidsgivers ansvar å stille bil til disposisjon for tjestestekjøring».

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga

*Rett utskrift. Går til:*

Innlandet Revisjon

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)